

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 48/2004

Møtedato: 3.11.04

Arkiv nr:

Handlingsprogram for idrett og friluftsliv

I kommunedelplan for idrett og friluftsliv er det ei uprioritert liste over langsiktige behov 10 -12 år framover og ei prioritert liste for 4 år. Uprioritert liste over langsiktige behov blir revidert kvart 4. år og prioritert liste for 4 år blir revidert kvart år.

I sak 58/03 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyre ber om at følgjande tiltak blir ført opp i plan:

Tiltak	kostnad	gjennomføring
1. Flytting av rasteplass ved S.Syndin	15.000	2003-2004
2. Rydding av stigar	25.000	2004-2005
3. Tiltak på Haugvørpe jfr. plan	200.000	2005-2006
4. Informasjonstavle/sikteskive på Knippa	ukjent	2005-2006

Kommunen ber årleg fjellstyret om uttale i samband med revisjon av planen.

Frå Nøsen fjellstue, Gomobu, Syndinstøga og Norske Bygdeopplevelser er det ynskje om å få tilrettelagt betre for sykkelturnisme. I følgje Norske Bygdeopplevelser har området potensiale til å bli det beste sykkelområde i landet om det blir betre tilrettelagt. Tilrettelegging går i all hovudsak ut på skilting og utbetring av passasje over våte områder. I fyrste omgang ser ein for seg å laga ei plan for kva som skal gjerast. Kostnadane til dette er ikkje klare.

Det har også kome ynskje om fleire utedoar, m.a. ved Kvitehaugen/Strø.

Økonomien til fjellstyret tilseier at vi ikkje kan gjera dei store investeringane neste år heller, men aktuelle tiltak bør kunne førast opp i planen med gjennomføring etter 2005.

VEDTAK:

Fjellstyre ber om at følgjande tiltak blir ført opp i kommunedelplan for idrett og friluftsliv:

Tiltak	kostnad	gjennomføring
1. Tiltaksplan for tilrettelegging for sykkel	ukjent	2005-2006
2. Flytting av rasteplass ved Sørre Syndin	15.000	2005-2006
3. Utedo ved Kvitehaugen/Strø	25.000	2005-2006
4. Informasjonstavle/sikteskive på Knippa	ukjent	2006-2007
5. Tiltak på Haugvørpe jfr. plan	200.000	2006-2007

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 4.11.04

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune